


Plan for forskning og kunnskapsproduksjon  
Sunnhordland museum 2023-2026





Sunnhordland museum er regionmuseum for Sunnhordlandsregion med dei åtte kommunane Stord, Kvinnherad, Bømlo, Sveio, Etne, Tysnes, Fitjar og Austevoll.

# Innleiing



## Mål med planen

Dette dokumentet er Sunnhordland museum sin plan for forskning og kunnskapsproduksjon. Den er forankra i styret, i tråd med museet sine strategiske mål , og styrande myndigheiter sine forventningar og intensjonar for musea. Planen skal bidra til å styrka, styra, organisera og setja tiltak for forskings – og kunnskapsutviklingsarbeidet ved museet.

# Overordna styringsdokument for planarbeidet

## Icom

Icom er medlemsorganisasjon for museum og museumstilsette over heile verda. Icom set standardar for musea og har utarbeida det museumsetiske regelverket som definerer etiske prinsipp for arbeid i musea.

Icom definerer forskning som ein kjerneaktivitet for musea. «*Forskings- og utviklingsarbeid er grunnleggande for alle arbeidsområde i musea*»

## Meld st. 23 Musea i samfunnet – Tillit ting og tid

I Meld. St. 23 «Musea i samfunnet - Tillit, ting og tid» (2021) vert arbeid med Solid kunnskapsproduksjon trekt fram som ein av 5 viktige arbeidsområde for musea fram mot 2050. Meldinga peikar på at forskning er ein del av musea si kjerneverksemd. «*Musea framover skal ha ei endå tydelegare rolle som kunnskapsinstitusjonar, knytt til forskning, immateriell kulturarv, kulturelt samspel og kritiske perspektiv*» (Meld. St. 23, s.45) «*Kulturdepartementet legg til grunn at alle musea ... legg til rette for, og sjølve utfører, forskning*». (Meld. St. 23, s.45)

## Regional kulturplan

Utkast til regional kulturplan for Vestland fylke del 2, aktør og fagplan (2022) peikar på at «*Musea i Vestland har behov for å styrke eigen forskingsaktivitet. Utover generell auka forskingsaktivitet og høgare forskingskompetanse ved musea, er det eit mål å styrke samarbeidet på tvers av museumsinstitusjonane og mellom musea og universitets- og høgskulesektoren*»

## Tilskotsbrev KUD

I tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet for 2021 er eit av måla at «*musea førestår forskning og utviklar ny kunnskap*». Museet har store samlingar av bygningar, gjenstandar, foto og arkiv som bør ligga til grunn for forskning og kunnskapsutvikling, uansett om det er museet si eiga forskning, som kjeldegrunnlag for andre si forskning eller som ein del av samarbeid i eit nettverk. Forskinga som vert utført ved eit museum er verken prinsipielt eller kvalitativt forskjellig frå anna forskning.

# Sunnhordland museum sin strategiplan om forskning

## AMBISJONAR OG RETNINGSVAL

I strategiperioden skal Sunnhordland museum bli ein attraktiv arena for publikum

### OVERORDNA AMBISJON

*Museet blir ein attraktiv og berekraftig regional arena for publikum og samarbeidspartar*

### STRATEGISKE RETNINGSVAL



#### 1 KONSEPT OG UTVIKLING AV MUSEET SINE ARENAER

- Utvikle populære, komplette publikumskonsept
- Utnytte vår desentraliserte struktur til det beste for regionalt publikum
- Utvikle gode digitale tilbod



#### 2 STRATEGISKE SAMARBEID

- Bli ein attraktiv samarbeidspartnar gjennom våre arenaer og kompetanse
- Utvikle vår posisjon i lokalt destinasjonsnettverk
- Oppnå forskingskrav gjennom samarbeid



#### 3 FINANSIERING OG EIGENINNTENING

- Oppnå 5 000 betalande gjester per år
- Oppnå 1 000 000 kr i årleg eigenfinansiering
- Finansiere nytt bygg i Leirvik innan utgangen av strategiperioden

Museet sin visjon er: «Me utforskar fortida og skaper opplevingar i notida som gjev kunnskap for framtida.» I strategiplanen tek museet strategiske retningsval som verkar inn på alle fagområda til museet.

Museet sin strategi legg opp til ei satsing på samarbeid med UH sektoren for å møte samfunnsoppdraget som museet har innanfor forskning og kunnskapsproduksjon.

# Forskning og kunnskapsproduksjon i Sunnhordland museum



Meld. St 23. « Musea i samfunnet »(2021) trekk fram forskning og kompetanse saman med musea sitt arbeid med handlingsboren kunnskap, immateriell kultur og berekraft, kunnskapsdeling, publikum og formidlingskunnskap og musea som kunnskapsbærarar for regionar og lokalsamfunn som viktige premiss for ein solid kunnskapsproduksjon i musea. Vidare i denne planen ynskjer vi å skilja mellom forskning i streng forstand og den kunnskapsproduksjonen som skjer i museet sitt daglege virke.

# Forsking

Kva ligg i omgrepet forsking? Korleis skal ein forstå det, kva skal ein forska på og korleis kan ein utvikla forskinga og kunnskapsproduksjonen ved museet? For at ein skal ha ein plan om det breie omgrepet forsking bør ein seie nokon om kva forsking er, eller skal vera.

Store Norske Leksikon seier at «Forsking er å undersøke noko ved hjelp av vitenskapleg metode for å bringa fram ny kunnskap». Ny kunnskap og bruk av vitenskapleg metode er nøkkelord.

OECD opererer med omgrepet *forsking og utviklingsarbeid* og har gjennom Frascatimanualen følgjande tredelte definisjon:

**GRUNNFORSKNING** er eksperimentell eller teoretisk verksemd som primært vert utført for å skaffe til veie ny kunnskap om det underliggende grunnlaget for fenomen og observerbare fakta, utan sikte på spesiell bruk.

**ANVENDT FORSKNING** er og verksemd av original karakter som vert utført for å skaffe til veie ny kunnskap. Anvendt forsking er primært retta mot bestemte praktiske mål og bruksområde.

**UTVIKLINGSARBEID** er systematisk virke som nyttar eksisterande kunnskap frå forsking og praktisk erfaring, og som er retta mot å framstilla nye eller vesentleg forbedra material, produkt eller innretningar, eller å innføre nye eller vesentleg forbedra prosessar, system eller tenester. OECD sin forskingsdefinisjon er primært laga som grunnlag for internasjonal og samanliknbar statistikk.

Forsking er kreativt, systematisk, open og målbart virke som skal etablere ny kunnskap. I praksis betyr det at forsking er fagfelleverdert virke. Slikt arbeid krev kompetanse og det er tidkrevjande.

Sunnhordland museum har ikkje tilsette med PHD, og administrasjonen ved museet er liten sett i forhold til det museet forvaltar. Det er likevel mogleg å auke kompetansen og setje tilsette i strand til å forske. Det er viktig at museet er realistiske i høve til kva vi kan levera av forsking i streng forstand, og i tråd med strategiplanen vår må vi satsa på å samarbeida med andre for å nå måla våre. Også samarbeid med andre krev at vi har kompetanse internt til å arbeida på det nivået som krevst i forskingsprosjekt.

# Kunnskapsproduksjon

Sunnhordland museum har lang tradisjon for kunnskapsproduksjon i sitt daglege virke. Kunnskapsproduksjon går føre seg i utarbeiding av undervisningsopplegg, artiklar, årbøker, utstillingar samt i arbeid med restaurerings- og registreringsarbeid. Eit viktig premiss for å gjera oss i stand til å levera fagfelleverderte artiklar og bidra inn i samarbeid med UH -sektoren er å auka bevisstgjeringa og kompetansen internt og å setja fokus på den kunnskapsproduksjonen som skjer i museet sitt daglege virke.

## **Handlingsboren kunnskap, immateriell kultur og bærekraft**

*«Mange museum forvaltar handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv, til dømes gjennom ivaretaking av språk, eldre handverksteknikkar eller tradisjonelle kulturuttrykk innanfor musikk, dans og matkultur. Kunnskap om den immaterielle kulturen er tett samanvevd med kunnskap om gjenstandssamlingane ved musea. Musea sine kunnskapar om tinga dei forvaltar, inneber mellom anna kva dei ulike tinga har vorte brukte til og korleis, og dessutan ord og omgrep knytte til dette. Bruk av reiskapar og kunnskap om naturbruk» (Meld.st. 23, s. 48).*

I vårt virke som kulturhistorisk museum jobbar vi med gjenstandar, bygningar og den immaterielle kulturen knytt til dette. I arbeid med tematiske utstillingar og formidlingsopplegg gjer museet viktig dokumentasjonsinnsamling av den immaterielle kulturarven knytt til gjenstandar. Her ligg eit potensiale til løfte kunnskapsproduksjon t.d. gjennom tekstproduksjon som vi publiserer på digitalt museum eller andre høvelege plattformer. Personlege intervju er ei viktig kjelde til kunnskap. Samstundes kan det vere utfordrande å gjere slikt materiale tilgjengeleg for alle. Her kjem opphavsrettar og personvernsløva inn. Det er viktig at vi som museum har kunnskap om, og eit medvite forhold til dette, slik at vi i størt mogleg grad kan dela kjeldemateriale.

## **Kunnskapsdeling**

*«Musea sit på store samlingar som dei og legg til rette for andre. I dette arbeidet vert grunnlaget for ny kunnskap lagt. Gjennom systematisk inndeling, kategorisering, katalogisere, produksjon av metadata, og tilgjengliggjerjing av dette materialet på digitale plattformer, er musea sitt arbeid avgjerande for at andre som søker kunnskap har tilgang til kjeldene». (Meld.st. 23, s. 51).*

Sunnhordland museum har ei satsing på digital registrering av samlinga si, og å gjera denne tilgjengeleg via digitalt museum. Det er viktig av vi framover held oppe fokuset på dette arbeidet og at vi legg vitskaplege ideal til grunn.



## **Publikums og formidlingskunnskap**

*«Musea har lang tradisjon, og museumspedagogikk er ei eiga grein innan pedagogikkfaget. Musea sit på mykje kunnskap om læringsmetodikk, publikumsmøte, og formidling. Framover er dette relevant mellom anna med tanke på vidare styrking av musea som forskande institusjonar og kompetansearbeidsplassar» (Meld.st. 23, s. 53).*

Sunnhordland museum har lang tradisjon for å satsa på formidling til born og unge og har jamt besøk av skule og barnehagegrupper. Det er eit potensiale for å nytta og utnytta den kunnskapen og erfaringa som museet sit på i forskning og utviklingsarbeid. Gjennom eigne refleksjonar, tekstproduksjon og samarbeid med t.d. Høgskulen i Vestland kan Sunnhordland museum å bidra til å utvikla kunnskap om museumspedagogikk.

## **Kunnskapsbærarar for regionar og lokalsamfunn**

*«Det er eit mål for museumspolitikken at musea held fram med å sikra den lokale forankringa og vidareutviklar seg som kunnskapsarenaer lokalt. Ikkje minst er det viktig at nye røyster, forteljingar og historier i endå større grad vert ein del av musea sitt kunnskapsarbeid» (Meld.st. 23, s. 54).*

Det ligg stor makt i å gjera utval i innsamlingsarbeidet, programmera eit program for publikum og utvikla formidlingsopplegg. Museet skal i planperioden jobba med eit prosjekt der vi ser på representasjon og formidling i ei ny tid. Korleis kan museet representere det mangfald av kulturar som finst i samfunnet, utan å lage kategoriar som skaper unødvendige skiljeliner mellom «oss» og «dei andre»? Korleis kan brukarane få vere med og definere seg sjølv og sin kulturelle identitet i våre kjelder? Dette er eit arbeid som både vil bidra til ny innsikt og kunnskap om lokalsamfunnet vi lever i, men også om metodar for å samle inn denne kunnskapen.



# Mål og tiltak for Sunnhordland museum sitt arbeid med solid kunnskapsproduksjon

1. I planperioden skal Sunnhordland museum ha fokus på kompetanseheving på forskingsfeltet slik at museet på sikt sjølv blir i stand til å forske sjølv og å delta aktivt i forskingssamarbeid.
2. I planperioden skal Sunnhordland museum løfta fram og profesjonalisera den kunnskapsproduksjonen som skjer ved museet, og syta for at den vert tilgjengeleg for andre.

## **Tiltak i planperioden:**

Leggja til rette for at tilsette kan auka kompetansen sin innan forskning, t.d. ved å ldelta på aktuelle kurs og vidareutdanningar.

Ved tilsetjing til stillingar der det er aktuelt skal vi aktivt søkja etter kandidatar med PHD eller koservator NMF/Førstekonservator NMF

Vi skal stimulera til at tilsette jobbar for graden koservator NMF/Førstekonservator NMF

Vi skal delta i forskingsnettverk og kompetansekynger som er aktuelle for våre fagområde.

Det skal setjast av tid til forskning/skrivearbeid for tilsette.

Vi skal aktivt søkje samarbeid med UH sektoren. Særleg er Høgskulen Vestland og Universitetet i Bergen aktuelle samarbeidspartar. Samarbeid kan t.d. være avtale om hospitering, master/doktorgradsarbeid og felles forskings- og utviklingsamarbeid.

Vi skal produsera ein fagfellevurdert artikkel i planperioden

Vi skal leggja til rette for at tilsette frå UH- sektoren kan hospitera ved museet

Vi skal legge til rette for, og invitere masterstudentar til å forske på museet sine samlingar/praksis

Vi skal produsera fagtekstar til digitalt museum og/eller andre høvelege publiseringsskanalar

Vi skal halda fram med å gjera kjeldemateriale vårt tilgjengeleg

Vi skal oppretthalda fokus på digitale registreringar av samlingane til museet og gjera desse tilgjengelege på digitalt museum

Vi skal leggja vitskapelege ideal og metode til grunn i arbeid med registrering av samlinga

Vi skal reflektera over og leggja vitskapelege ideal og kritisk blikk til grunn for eigen formidlingspraksis.

## Kjeldeliste:

- Kulturdepartementet 2021 Musea i samfunnet (Meld. St 23 2020-2021) henta frå [Meld. St. 23 \(2020–2021\) - regjeringen.no](#)
- Vestland fylkeskommune (2022): Høyringsutkast regional plan for kultur, idrett og frivillighet, Aktør og fagplan del 2, henta fra [Regional plan for kultur, idrett og frivillighet - Vestland fylkeskommune](#)
- Frascati-manualen 2015. Henta frå <https://www.forskningsradet.no/> (13.02.2023)
- Andre lenkjer:
  - Store Norske leksikon; [Store norske leksikon \(snl.no\)](#)
  - Icoms museumsdefinisjon;
  - [Museum Definition - International Council of Museums -International Council of Museums \(icom.museum\)](#)